



Hordaland Fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 16/916 - 16/11860


Saksbehandlar:  
Rolf Raknes  
rolf.raknes@radoy.kommune.no

Dato:  
21.09.2016

## Avklaring om kulturminne - Plansak 12602016000600 - Områdeplan bustadområde - Haukeland Søndre - Radøy kommune


Det er ynskje om avklaring av følgjande (ref. dykkar brev av 09.09.2016):

*I 2016 vart det varsla oppstart av planarbeid med områderegulering for Haukeland søndre. Grunna tidlegare funn av automatisk freda kulturminne i området, varsla Hordaland fylkeskommune arkeologisk registrering i planområdet i brev datert 08.08.2016 (sjå vedlegg 3). Områdeplanen*




*omfattar delar av reguleringsplan for Fv 406-407 Storheimstø-Vetås, og i utkant av plangrense i nordaust ligg det ein automatisk freda lokalitet (Askeladden id. 135347) påvist ved den arkeologiske registreringa i 2009 (sjå vedlegg 4). Lokaliteten er frigjeve i samband med ovanfor nemnde reguleringsplanen, men er ikkje fagleg undersøkt. Dette er uheldig med tanke på planprosessen vidare, og vi vil gjerne få innspel frå kommunen om korleis skal vi løyse dette. Hordaland fylkeskommune har vore i*

kontakt med Riksantikvaren. Dei foreslår at det leggst inn eit føresegnsområde i planområde som skal sikre den automatisk freda lokaliteten med id. 135347 mot inngrep før den er fagleg utgrave, og før reguleringsplanen for Fv 406 og 407 Storheimstø-Vetås er realisert. Ei anna løysing er å endre noko planavgrensinga.



Som det viser i kartet er det to eksisterande detaljplanar i området. Ein mindre reguleringsplan (PlanID 12602008000400) for bustader og ein for fylkesvegen til Vetås (PlanID 12602009000100). Begge desse planane er av relativt ny dato og er gjeldande. Det er ei føresetnad at den varsla områdeplanen tek omsyn til desse planane. Grunnen til at plangrensa vart trekk over fylkesvegen, og dermed inn i reguleringsplanen for FV, var ein tanke om samordning. Når det gjeld kulturminna som er handsama i samband med FV-plan fin ein det rimeleg at desse vert følgd vidare i eksisterande plan.



Kommunen foreslår difor å flytte plangrensa for områdeplanen sånn at plan for FV framleis vert gjeldande fullt ut. Då vert det berre reguleringsplan (PlanID 12602008000400) som vert inkludert og erstatta av den nye områdeplanen.

Med helsing

Rolf Raknes  
arealplanleggjar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Ard Arealplan  
Hordaland Fylkeskommune

**Mottakarar:**

Hordaland Fylkeskommune - Kultur- Postboks 7900  
og idrettsavdelinga

5020

BERGEN